

Emne:	<b>Referat frå skulebesøk på Askøy vgs, 2.6.16</b>	
Til stades:	Frå skulen: Rektor Sigrid Hiller, avd. leiar realfag og kroppsøving Rannveig Solli, avd. leiar språk, samfunnsfag og økonomiske fag Axel Hansen, avd. leiar HO og STO Åse Stensland, elevinspektør Linda Tysnes, ATV UDF Åsmund Fjellhaug, ATV SL Stein Pettersen og elevrådsrepr. Jørgen I. Strømsnes og Jing Khummin. I tillegg deltok lærarane Børge Garpestad og Espen Schei, samt elev Line Moen under punkt B1.  Frå opplæringsavdelinga: Regionleiar Sissel Øverdal og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik	
Forfall:	Ass. rektor Inge Arild Næss, avd. leiar BA/EL/TIP Thor Andreassen, fagleiar Svein Erik Ellinbø, ATV UDF Odd Bendik Melve, ATV NITO Rolf Fagerli, elevrådsleiar Elise Antonsen.	Sak: 2016/300-14
Møtetid:	2.6.16, kl. 1200-1500	Møtestad: Askøy vidaregåande skole

**Møteleiar: Sissel Øverdal**  
**Referent: Tor Ivar Sandvik**

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdsbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane, gjennomført skulebesøk ved Askøy vidaregåande skole.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

#### **B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde**

- 1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid:**  
Oppfølging av OneNote-prosjekt – *saumlaus programvare i undervisninga*

Prosjektet som blei presentert hadde to tilnærmingar

- Samhandling med elevar – korleis gjere dette saumlaus?
- Fag- og verktøysamarbeid mellom lærarar

Skulen presenterte inngåande korleis dei i enkelte fag nyttar OneNote i undervisninga. Verktøyet lettar organisering av undervisninga, gjennom enklare kommunikasjon med elevane. Særleg blei det trekt fram at ein slepp opp- og nedlasting av oppgåver, filer, osv., via ITSL. I OneNote har ein alltid tilgang til t.d. læringsmaterial og elevarbeid, så lenge ein har tilgang til ein pc.

Ein viktig ny funksjon er *Klassenotatblokk*, som gjer at læraren kan legge ut undervisningsopplegg, instruksjonar, spørsmål, osv. direkte slik at alle elevane får dette opp i sin OneNote. Dette blir då eit viktig verktøy for differensiering av undervisninga – læraren kan t.d. gi oppgåver til elevane etter nivå og behov.

Elevane kan også jobbe med og levere inn arbeid i same verktøy. Lærar kan gi tilbakemelding på ulike tidspunkt, noko som kan gjere læraren si oppfølging av elevane betre og meir effektiv.

Via funksjonen kan også læraren eksportere karakterar direkte frå OneNote til ITSL, og er såleis ein del av intensjonane med saumlaus programvare. OneNote lar lærarane også kople ulike fag saman, noko som er positivt for tverrfagleg arbeid og deling av opplegg.

Eleven som var med i presentasjonen av prosjektet gav uttrykk for at bruken var litt avansert i starten, men at ho etter kvart forstod den praktiske nytta. Det opplevast no lett å orientere seg i OneNote og å finne aktuelt stoff.

Det blei drøfta ulike fag ein kan nytte verktøyet i, som f. eks på BA. Det er ikkje eit mål at alle skal nytte OneNote på denne måten, men ein ønskjer å informere om mogelegheitene og på den måten samle lærarar som er interesserte.

Skulen har også vurdert andre arena for samarbeid og deling, som t.d. Office Groups. Dette blei vanskeleg å få til i praksis, og ein vurderer no Yammer som eit alternativ.

**2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdypa: Med utgangspunkt i referat frå førre skulebesøk (punkt C), korleis har skulen det siste året arbeidd med elevmedverknad i opplærings- og vurderingsarbeidet?**

Skulen legg til rette for elevmedverknad på fleire nivå. Elevrådet jobbar t.d. med skulemiljø og deltaking. Resultat frå Elevundersøkinga har vore tatt opp. Rektor har også gitt elevrådet i oppdrag å drøfte temaet motivasjon, med bakgrunn i resultat frå Elevundersøkinga.

Grad av elevmedverknad i vurderingsarbeidet er prega av at skulen har mange ulike utdanningsprogram, og dermed variasjon mellom avdelingane. Det blei referert til at lærarane har eit mangfald av vurderingsmetodar, og at det er samarbeid på fag- eller klassenivå. Andre lærarar enn eleven sin eigen faglærar kan bidra om eleven er usikker på den vurderinga han har fått. Lærarane har bede om mindre parallellegging av undervisningstimar slik at fleire lærarar kan bidra inn i vurderingssituasjonar.

Det blei også gitt døme frå BA, kor andre lærarar er inne i ulike klassar og observerer vurderingssituasjonar. I prosjekt til fordjuping har ein saman diskutert kriterier på Vg1 og Vg2.

Elevane blei utfordra på om dei har delteke i eigenvurdering, og svara at det ikkje er noko som føregår i stor grad. Dei seier likevel at dei er nøgd med vurderingsarbeidet i seg sjølv, der ein i framover-/tilbakemeldingane kan sjå kva man bør jobbe vidare med for å utvikle eigen kompetanse.

Det blir opplevd at nye lærarar i større grad ønskjer å jobbe saman for å vidareutvikle undervisnings- og vurderingspraksis. Ein deler tilbakemeldingar frå elevane med kollegaer. Mange opplegg er samkjørte, og ein tar med seg elevane sine erfaringar vidare for å gjere eigen praksis betre.

Det blei også gitt døme på tverrfagleg samarbeid på HO, både når det gjeld undervisning og vurdering. Særleg gjeld dette på Vg1 med samarbeid mellom naturfag og helsefremjande arbeid. Ein fordel som blei trekt fram var at ein får ei større breidde i vurderinga.

Deltakarane i møtet blei også utfordra på korleis IKT-verktøy kan bidra i arbeidet. På yrkesfag diskuterer ein om elevane skal utarbeide ein presentasjon når dei arbeidar med eit tema. I norsk har lærarane teke i bruk Instagram som eit medium i arbeidet med lyrikk. Elevane gav gode tilbakemeldingar på arbeidsforma.

Elevane refererte til firkantmøta og synest at ordninga har fungert godt. Elevane får diskutert kva tema som er interessant og får bidra inn i planlegging av undervisninga.

Deltakarane var einige i at elevmedverknad på fagnivå og tverrfagleg arbeid er noko ein bør ha med seg vidare. Tverrfagleg arbeid var også noko som kom fram på pedagogisk dag i mai. Elevmedverknad heng tett saman med elevane sin motivasjon for læring.

### **C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring**

#### **Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.**

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**

- ungdomsskule – vidaregåande opplæring
- mellom nivåa i vidaregåande opplæring
- mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv

Overgangane var ikkje direkte diskutert, men tematikken blei tatt opp som ein del av diskusjon rundt SØF-rapporten som blei publisert i april.

- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Elevmedverknad vart primært diskutert på punkt B.

- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**

Rektor innleia delen med å vise til strukturane rundt eleven – som leiing, undervisning, læraren, elevinspektør, IKT-støttesystem, ressursteam og alternativ læringsarena.

Askøy vgs har eit pågåande fráværersprosjekt, starta hausten 2014, med inspirasjonen frå ein Oslo-skule. Sjølv om fráværstala ikkje er redusert så mykje som ønskja, gikk tal sluttarar ned frå 60 til 39 det første året. Det samla elevtalet på skulen var om lag likt som før. Del sluttarar er om lag 1/3 av kva det har vore.

Hovudaktiviteten knytt til prosjektet skjer i klasserommet. Forholdet mellom elev og lærar er viktig, der lærarane er bevisste på klasseleiing og relasjonskompetanse. Ressursteamet spelar også ei viktig rolle for dei elevane som står i fare for å slutte.

Fráværersprosjektet har fungert nokså likt i år som i fjor, og skulen har gjort seg dei same erfaringane som førre skuleår. Eitt av måla har vore likare praktisering av regelverk, men har det endra lærarane sin praksis? Det blei trekt fram at prosjektet kan gjere noko med kulturen på skulen, både hos lærarar og elevar.

Skulen har ulike alternative læringsarenaer, og gymgruppa blei diskutert. Rundt femten elevar deltek, og det er mange vaksne som jobbar i team rundt elevane. Ein student frå HiSF har også skrive masteroppgåve knytt til arbeidet. Skulen har gode erfaringar med organisering og gjennomføring av gymgruppa.

Skulen har ein eigen arbeidslivskoordinator som jobbar tett med rådgivar som har ansvar for yrkesfag. Meininga er å vidareutvikle kontakt med bedrifter, og er sterkt inne når det gjeld utplassering i PTF-faget. Arbeidslivskoordinatoren er tidleg i kontakt med bedrifter i drøfting om elevar med ulike behov. Skulen opplever at når ein spelar med opne kort, gir bedriftene ofte elevane ein sjanse. Relasjonsbygging mot næringslivet er viktig, særleg i ein utfordrande situasjon næringslivet no står i. Koordinatoren er også ein viktig person for elevar som står i fare for å slutte. Desse ønskjer skulen skal få utprøving i bedrift.

Askøy vgs er i sitt første år som MOT-skule. MOT set eleven i sentrum og skal gjere eleven trygg på seg sjølv. I år har målgruppa vore Vg1, men frå hausten vil det også gjelde Vg2. Prosjektet har blitt godt teke i mot, har bidrege til at elevane blir sett og fokusert på dei som går aleine.

Lærarane har vore med i prosessen med å prioritere kva ein skal satse på i det psykososiale arbeidet. Prosjektet er føreseieleg, arbeidet er forankra i skulen sin planar, og det blir opplevd at arbeidet ikkje går ut over undervisningstimane.

Elevane opplever også MOT som positivt, annleis og gøy. Det sveisar saman klassen. Enkelte skal også delta på skolering som signalberar i fire dagar. Desse skal vidare støtte MOT-coachane og ev. ha nokre prosjekt på sida.

I arbeidet med psykososialt miljø har også skulen eit prosjekt på HO om å ikkje setje merknadar på elevane. I staden for har lærarane eit auka fokus på relasjon med elevane. Framfor å gi merknadar blir situasjonar løyst gjennom samtalar. Elevane i møtet støttar prosjektet då det flyttar fokuset frå noko negativt til noko konstruktivt. Som i alle tiltak skulen set i verk, ligg det eit mål om auka læring bak.

#### **D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare**

Avdelingsleiarane har presentert det nye styringsdokumentet for lærarane, og dokumentet har vore oppe på møte med dei tillitsvalde. Elevrådet fekk det presentert i vinter.

Skulen arrangerte pedagogisk dag 11. mai der tilbakemeldingane frå ulike lærargrupper vil ligge til grunn for vidare arbeid med å finne felles satsingsområde.

Leiinga blei utfordra på korleis dei tolkar punktet om observasjon i den nye plattformen. Det har vore mykje snakk om kollegarettleing, men det blir per i dag ikkje opplevd som naturleg at leiarane skal observere i klassane. Nokre lærarar har eit ønske om å setje i gang *lesson study*, noko som leiinga oppmuntra til. Dei ønskjer å ta denne ideen vidare.

Elevane blei utfordra på sine ansvarsområde i styringsdokumentet. Elevrådet har hatt relasjonsbygging som tema, og klassens time blei nemnt som ein arena ein kan bidra til å løfte fram momenta i styringsdokumentet. Skulen har prøvd fast ordning med klassens time, men har gått over til at elevane sjølve må be om å få dette. Deltakarane i møtet meiner ei slik ordning fungerer godt.

Avslutningsvis blei SØF-rapporten frå april diskutert med utgangspunkt i korleis ein kan nytte resultatane og ulike indikatorar i vidare skuleutvikling. Rapporten er i seg sjølv tung, og det er ikkje lett å forstå korleis verdiane på dei ulike indikatorane er berekna. Dataa gjeld kulla som starta i Vg1 i 2008 og 2009, og er vanskeleg å nytte for å vidareutvikle praksis i dag. Det blei diskutert korleis ein kan nytte indikatorane, og tema som samarbeid med ungdomsskulen blei trekt fram. Eit grunnleggjande utgangspunkt for rapporten er at indikatorane er justert for inntakspoeng, og vil dermed vise om skulen klarer å løfte elevane fagleg. Det kan også vere ein naturleg innfallsvinkel.

## E. Oppsummering og evaluering

Møtet blei opplevd som nyttig, og førebuinga er viktig som ein del av den skulebaserte vurderinga.

Skulen fekk skryt for arbeidet dei har gjort med å redusere tal sluttarar. Gjennom møtet gjekk det fram at skulen har gode og klare strukturar for arbeid med elevane. Dei blir sett i sentrum og viktig arbeid blir lagt ned for å gi elevane eit godt læringsmiljø.

Det er høg aktivitet på skulen, og det blei nemnt at det er viktig å strukturere og legge til rette for openheit om ulike tiltak. Ein må jobbe for å få effekt av dei tiltaka ein prioriterer og vel å setje i gang.

Ein ønskjer å vidareutvikle samarbeidet på fagnivå, men også på tvers gjennom FYR-arbeid. OneNote blei nemnt som et nyttig verktøy i samanhengen.

Elevane sin motivasjon er grunnleggjande for auka læringsutbytte. Samarbeid mellom elevar og lærarar om undervisning og læringsarenaer blei løfta fram som verkemiddel for å auke motivasjonen. Her er temaa vurdering og elevmedverknad sentrale. Eigenvurdering blei løfta fram som viktig for at elevane skal reflektere over eiga læring, og at ein må bli flinkare til å nytte dette oftare.

Elevane trakk fram relasjonsbygging mellom lærar og elev som noko som bør fortsette å jobbast med.

Arbeidslivskoordinator ønskjer å organisere tilknyttinga til arbeidslivet meir formelt.

**Referatet er godkjent av:**

**Rektor Sigrid Hiller  
Regionleiar Sissel Øverdal**